



Kommunane i Rogaland
v/ordfører og rådmann

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Kommunereforma i Rogaland - status og vidare prosess

Tilbakeblikk på prosessen så langt

I følge oversikten er alle kommunar i Rogaland i ei eller anna form involverte i arbeidet med kommunereforma. Sjølv om kommunane er på ulikt stadium i prosessen, blir det samla sett lagt ned mykje godt arbeid i organisering, planlegging og utgreiing. [Status i Rogaland pr juni](#) er lagt ut på nettsida vår, også i form av eiga [kartløyising](#).

Fylkesmannen og KS ønskjer å rettleie kommunane om reforma og å vere oppdaterte på prosessane ute i kommunane. Fylkesmannen har i løpet av våren hatt fleire arrangement om kommunereforma, og vi har medverka på relativt mange møte ute i kommunane. I tillegg har vi vore observatørar på ulike samlingar, folkemøte og regionale møte. Vår erfaring er at dette har vore nyttige møte, og vi kjem også framover til å prioritere deltaking i felles møteplassar for kommunane. Samstundes vil vi gjere det vi kan for delta der vi blir inviterte.

Involvering av innbyggjarane

Det har vore oppe mange tema i reformarbeidet, men eitt har vore felles: Korleis få til god informasjon, medverknad og høyring av innbyggjarane? Dette blir ei viktig oppgåve utover hausten. Ettersom kommunane er komne ulikt langt i prosessane, blir det og forskjellige tidsplanar for aktivitetar som skal medverke til engasjement hjå innbyggjarane. Ein del kommunar har arrangert folkemøte, då mest med fokus på informasjon om reforma. Det er aktuelt med nye folkemøte når kommunane har utgreidd meir, t.d. når det er laga intensjonsavtalar. Nettsider er/blir oppretta for samarbeidsprosjekt og i kvar kommune. Men framleis er det vår vurdering at nokre kommunar ikkje gir god nok tilgang til informasjon om reforma på nettsida si.

For gjennomføring av innbyggjarkartlegging-/undersøking er det viktig at:

- Innbyggjarane kan bli involverte/høyrde tidleg i prosessen. Dette er ei enklare form for høyring av innbyggjarane, vi kan omtale ho som ei kartlegging av innbyggjarane sine haldningar til kommunereforma. Det kan t.d. vere meiningar om ulike alternativ for samanslåingar. Informasjon frå ei slik innbyggjarkartlegging kan vere ein del av grunnlaget i arbeidet fram mot intensjonsavtalar.
- Innbyggjarundersøkinga som Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har lagt til rette for, og der kommunane får kr 100 000 i tilskot til gjennomføring, er knytt meir

direkte til høyringsinstituttet, jf. inndelingslova § 10. Ei slik undersøking må kome når kommunane har utgreidd meir om reforma. Tidspunktet for å gjere ei breiare innbyggjarundersøking kan vere når det er utarbeidd eit utfordringsdokument, utgreiingar med status og framtidsbilde for kommunane sine sentrale roller (tenesteytar, myndigheitsutøvar, samfunnsutviklar, demokratisk arena) opp mot kriteria for ein framtidig kommunestruktur. Det er lagt til grunn at det ligg føre intensjonsavtalar mellom kommunar.

Kommunane må ta stilling til om det skal vere felles innbyggjarkartleggingar-/undersøkingar i fleire kommunar samtidig, for kvar kommune eller ein kombinasjon. Vi tilrår at kommunar i fellesprosjekt samordnar dette.

For å hjelpe kommunane å gjennomføre innbyggjarkartleggingar-/undersøkingar, har KMD inngått ein [rammeavtale med selskapet Opinion AS](#).

Distriktssenteret har laga ein eigen oversikt for [døme på innbyggjarundersøkingar](#). De må sjølve vurdere kva som er mest aktuelt å samanlikne med.

Ungdom er ei viktig gruppe å involvere og engasjere i reformarbeidet. Dette trur vi må skje på ungdommen sine «møteplassar». Fylkesmannen i Nordland har laga eit informasjonshefte om [korleis ungdommen kan involverast i kommunereforma](#). Distriktssenteret har tidlegare utvikla ein [formidlingspakke om kommunereforma for ungdom](#). Dei har og laga eit [undervisningsopplegg](#) om kommunereforma tilpassa elevar i vidaregåande skular.

Det er hensiktsmessig å følgje ein kommunikasjonsplan i tiltaka for informasjon og kontakt med innbyggjarane.

Rettleiar og verktøy for lokaldemokratiet

I samarbeid med Distriktssenteret har KMD utarbeidd ein [retteleiar](#) som presenterer grunnleggjande sider ved lokaldemokratiet. Her er praktiske døme på korleis kommunar kan arbeide godt med lokaldemokratiske spørsmål. Målet med rettleiaren er at ein ny kommune vurderer sin demokratiske praksis og utviklar godt fungerande demokratiske arenaer til beste for innbyggjarane.

Nye folkevalde

Etter kommunevalet i haust får kommunane fleire nye folkevalde. Desse må få informasjon om kommunereforma, både om arbeidet lokalt og nasjonalt. Utgangspunktet vårt er at kommunane i stor grad kan gjere dette sjølve. Dersom det er ønskjeleg, kan Fylkesmannen og KS bidra med slik informasjon. Vi har elles planar om å ha ein ny besøksrunde i kommunane etter valet, i hovudsak blir dette våren 2016.

Samling om kommunereforma 28. oktober 2015

Det vil gå ut invitasjon til i ei ny [prosess-samling om kommunereforma den 28. oktober 2015](#) på Clarion hotel Energy i Stavanger. Meir detaljar om tidspunkt og program kjem i løpet av august.

Vi ønskjer framleis eit godt reformarbeid og ser fram til eit vidare samarbeid!

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80
E-post: fmroaro@fylkesmannen.no

Kopi som e-post til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen
Fylkesmannen i Vest-Agder Postboks 513 4605 Kristiansand S
KS Rogaland